



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Att: Nærings- og kulturavdelinga

Vår ref.
17/32-30/K2 - C57/EDHE

Dykkar ref.

Dato:
01.02.2018

Søknad om støtte til restaureringsprosjektet - Kinn kyrkje

Vi søker med dette om støtte til restaureringa av Kinn kyrkje, "eit av dei flottaste mellomalder-monument på Vestlandet" (Kulturhistorisk leksikon/fylkesarkivet). Dette blir det største restaureringsprosjektet på kyrkja på over 100 år, ei restaurering som er heilt nødvendig for å ta vare på dette viktige kulturminnet og seglingsmerket på kysten. Steinkyrkja vart bygd i ei tid då kyrkja låg midt i sildefisket, og midt i farleia langs kysten. Kyrkja var og er ein del av kystpilegrimsleia til Selja og vidare nordover, og knytt til Sunnivallegenden, som begge stader er ein del av. Her budde det mykje folk, og rikdommen vart m.a. brukt til å bygge kyrkja, som ber preg av at det var god råd då kyrkja vart bygd ein gong på 1100-talet. Det er eit 900 år gammalt kulturminne vi skal ta vare på!

Grundig førearbeid.

Kyrkja har vore restaurert og ombygd fleire gonger dei siste 500 åra. Største areidet vart gjort i kring 1910 under leiding av arkitekten Carl Berner. I hundreåret etterpå har det vore gjort større og mindre restaureringsarbeid med vekslande hell. Det er no eit sterkt behov for å gjere noko, med inner- og ytterveggar prega av fukt og nedfall av puss og mørtel, golv, vindu og dører som krev mykje vedlikehald og takkonstruksjonane. Gjennom ein tilstandsrapport, som Forsvarsbygg har laga for Flora kommune, er behovet for restaurering dokumentert (ein omfattande rapport ligg ved). Forsvarsbygg har òg gjeve eit kostandsoverslag.

Flora kommune har vedteke å setje i gang restaureringsarbeidet innanfor kostnadsoverslaget som Forsvarsbygg har sett opp, og arbeidet blir lyst ut på anbod i mars. Planen er å få starta arbeidet etter sommarferien, og det er planlagt ferdig våren 2021.

Finansiering – søknad.

På eit møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Nærings- og kulturavdelinga 12.12.17, orienterte vi om prosjektet. Vi melde òg frå om at vi ville sende ein søknad om fylkeskommunal støtte på nyåret. Vi sender no søknaden, og førebels kjem dette som ein open søknad som ikkje er plassert innanfor dei ulike søknadskategoriene som fylkeskommunen har, ut frå storleiken på og innhaldet i søknaden. Vi tenker oss at denne søknaden må løftast fram som ei heilt spesiell satsing.

I tilstandsanalysen til Forsvarsbygg (sjå vedlegg) er det eit budsjett for forprosjektet. Det er på samla kr 14 490 000, justert opp til 14 702 000 i kommunen si eigna budsjettering (pga andre prosjektkostnader). Det er fordelt på entreprisekostnad (restaurering og rigg), projektering og

byggeleing (+ mva og uføresette kostnader).

Dette er finasert med *kr 7 702 000* frå Flora kommune, lagt inn i kommune sin økonomiplan, og eksterne tilskot (søknader) på *kr 7 000 000*.

Av dette søker vi *Riksantikvaren om kr 2 000 000*, ev. fordelt over fleire år.

Vi søker derfor Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr 5 000 000, ev. fordelt over fleire år.

Med helsing

Ola Teigen, ordførar

Edvin Helgheim

Prtosjetleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur

Vedlegg:

Tittel

Kinn kyrkje - Tilstandsanalyse dsesember 2016
samlet.komp

Dato

31.01.2018